



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3937 - 14/16381

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
28.10.2014

Gokjenning- Oppføring av garasje på Gbnr 25/35 på Fosse

Administrativt vedtak. Saknr: 302/2014

Eigedom: 25/35

Byggjeplass: Fosse

Tiltakshavar: Leiv Jan Fosse

Ansvarleg søkjar: Arkoconsult

Planstatus: Landbruk,- natur,- og friluftsområde (LNF) i kommuneplanens arealdel

Søknad om: Oppføring av garasje jf. Pbl. § 20-1

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1 motteke 29.09.2014 og manglande dokumentasjon motteke 17.10.2014 om løyve til oppføring av garasje på 49,6 m² på Fosse i Meland kommune. i Meland kommune.

Søknad om garasje kom inn samen med søknad om oppføring av einebustad. Administrasjonen har delt søknaden, då dette gjaldt to sjølvstendige tiltak.

Vurdering:

Planstatus/Dispensasjoner:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som eit LNF-område (Landbruk,- natur,- og friluftsområde). Det er gitt dispensasjon for oppføring av einebustad og garasje i UDU-vedtak 51/2014.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 05.09.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet innan fastsatt frist. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Det ligg føre erklæring frå eigar av Gbnr 25/ 175 om løyve til å plassera garasjen 2,6 meter frå felles eigedomsgrense.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på vedlagte situasjonkart motteke 29.09.2014 og utformast i samsvar med vedlagte plan,- snitt- og fasadeteikningar av same dato. Tiltaket er plassert 2,6 meter frå nabogrense. Det ligg føre erklæring frå naboeiegedom om løyve til plassering nærare felles grense enn 4 meter.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Eigedomen er på 2007,5 m². Einebustader og tomannsbustader skal ha parkeringsdekning for 2 bilar per eining, jf Kommuneplanens arealdel. Det skal vere minimum 250 m² utandørs opphaldsareal. Følgjeleg samsvarer tiltaket med Pbl § 28-7.

Planløyving og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyving og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Godkjenning av ansvarsrettar:

Føretak	Godkjenningsområde
Arkocomsult AS Organisasjonsnummer:997089782 Sentral godkjenning	SØK/PRO/UTF tkl 1 Ansvarsområde: Ansvarleg søkjar, prosjekterende og utførande for betongarbeid og radonsikring.
Kjartan Aarhus Organisasjonsnummer:985312141 Lokal godkjenning	PRO/UTF tkl 1 Ansvarsområde: Prosjekterende og utførande for grunn og terrengarbeider
Bolig og Eiendom AS Organisasjonsnummer:990086931 Lokal godkjenning	PRO/UTF tkl 1 Ansvarsområde: Prosjekterande arkitektur. Prosjekterande og utførande tømrararbeid, våtrom og pipe, ventilasjon
Medaas Oppmåling Organisasjonsnummer:986448551 Lokal godkjenning	UTF tkl 1 Ansvarsområde: Plassering av bygg

Vedtak

««Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-1 løyve til oppføring av garasje på 49,6 m² på Gbnr 25/35 på Fosse i samsvar med søknad m/vedlegg motteke 29.09.2014.

Plassering av tiltaket skal vera som vist på vedlagte situasjonkart motteke 29.09.2014, med eit toleransekrav til horisontalt plan +/- 50 cm. I vertikaltplan +/- 20 cm.

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf. Vurderinga over.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.»

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Vedtaket er gjort med heimel i Plan- og bygningslova, og etter delegert fullmakt frå rådmannen.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding om enkeltvedtak og om rett til å klage over forvaltningsvedtak
2535garasje